

Referat, styremøte,

20. mars 2012 kl 10.00-15.00

Stad: Vestfoldarkivet, Tønsberg.

Tilstade: Karin Gjelsten, Ole Stian Hovland, Berit Stie, Ann Tove Manshaus, Tore Somdal Aamodt, Torleif Lind, Inger Lene Nythingnes (sekr/ref).

1. Rekneskap

Sekretær gjorde greie for årsrekneskapet for 2011.

Rekneskapet syner eit underskot for LLP på kr 30 000 Administrasjonen syner eit overskot på kr 40 000.

Underskotet skuldast hovudsakeleg at LLP sitt minoritetsbudsjett sin eigenkapital ikkje er ført som inntekt i rekneskapsåret. Midlar som er nytta er ført som utgifter. Det er ikkje nytta meir midlar i prosjektet enn kva som har stått til rådighet i prosjektet.

Eigenkapitalen til LLP er redusert. Hovudsakeleg fordi LLP i 2011 beslutta å overføre dei resterande midlane på kr 355 000 som stod att i LLP sitt OpenArms-prosjekt til Dias-prosjektet som er drifta av Riksarkivaren.

Vedtak: Rekneskapet er godkjent..

2. Budsjett

Sekretariatet har utforma budsjett for 2012. Budsjettet legg opp til ei innstramming på 7-8 %.

Vedtak: Budsjettet er godkjent og skal leggst fram for landsmøtet saman med ei forklaring til rekneskapet som skal utarbeidast frå sekretariatet.

3. Budsjett jubileumsseminar og forskingskonferanse

Sekretariatet har utarbeidd budsjett for seminara i Trondheim 23.-25. april. Administrasjonen har ei budsjetttramme på utgifter inntil kr 200 000 til arrangementa, men truleg vert kostnadane mykje lågare. Det må reknast kring kr 110 000 til utgifter, men det er ein del faktorar som spelar inn som er vanskeleg å rekne ut på førehand. Dette gjeld særleg utgifter til reise og opphald for foredragshaldarar, tidlegare leiarar, samt LLP sitt styre og sekretariat.

4. Saker til landsmøte 2012

Dagsorden for landsmøte vart gjennomgått.

Det var semje om at stemmeberettiga skal få utdelt stemmelappar med nummer for å unngå misforståingar og uorden ved avstemming. Det vart fremja forslag om at styret skal leggje inn eit framlegg under pkt 9 på landsmøtet sin dagsorden om at LLP skal opne for personleg medlemskap i LLP. Om landsmøtet vedtek framlegget vil styret foreslå ein årleg kontingent på kr 300. Medlemer til valkomite vart foreslått.

Vedtak: Styret skal fremje framlegg om personlege medlemskap og føreslåtte medlemer av valkomiteen skal rettast førespurnad til.

5. Evt.

- Ann Tove Manshaus orienterte om tilbakemeldingar etter privatarkivseminaret i november 2011. Eit nytt seminar om privatarkiv kan arrangerast i januar 2013.
- Nordisk Arkivmøte for 2012 vert arrangert i Finland. Ann Tove Manshaus reiser.